

**NIBIO**NORSK INSTITUTT FOR  
BIOØKONOMI

PRESSEMELDING FRÅ NIBIO, 13.12.2023: Jordbruket i Agder og Rogaland i 2022

## Auke i jordbruksinntekt for bøndene i Agder og Rogaland

Jordbruksinntekta til bøndene på Jæren auka med kr 81 100 per årsverk, og vart 555 100 kroner i gjennomsnitt per årsverk i 2022. I resten av Rogaland og Agder auka jordbruksinntekta med 65 800 til 446 300 kroner.

Auken i jordbruksinntekta på Jæren var på 17 prosent frå 2021 til 2022. I resten av Rogaland og Agder gjekk også jordbruksinntekta opp med 17 prosent. Auke i prisar på viktige produkt og auke i tilskot forklarar mykje av denne endringa i begge regionane. Arbeidsinnsatsen auka med 5 prosent på Jæren og heldt seg stabil i andre bygder.

### Auke for mjølkebøndene

Jordbruksinntekta til mjølkebønder på Jæren auka med 14 prosent. I gjennomsnitt vart jordbruksinntekta på 476 900 kroner per årsverk. For mjølkeprodusentane i Agder og Rogaland utanom Jæren auka jordbruksinntekta med 15 prosent til kr 400 300 kroner per årsverk. Auka inntekt for mjølkebøndene skuldast prisauke på mjølk og kjøt. Kostnader til fôr, gjødsel og drivstoff auka mykje, medan kostnader til vedlikehald hadde ein moderat auke.

### Andre produksjonar

Jordbruksinntekta til sauebønder i Agder og Rogaland utanom Jæren auka med 9 prosent til kr 205 100 per årsverk frå 2021 til 2022. Auke i pris på sau- og lammekjøt og auka tilskot vart til saman høgare enn auken i kostnader, og forklarar denne utviklinga.

For bruk med ammekyr gjekk jordbruksinntekta opp med kr 161 100 til 367 600 kroner. Auka inntekter grunna høgare pris samt auke i tilskot er viktigaste årsak til framgangen.

Bruka med kombinert mjølkeproduksjon og svinehold på Jæren auka jordbruksinntekta si med 15 prosent, til 814 200 kroner per årsverk. Høgare prisar både for svin og storfe, kompenserte for auke i kostnader til gjødsel og fôr, og bidrog i stor grad til at jordbruksinntekta auka.

### Ulik utvikling i investeringsnivå

Nettoinvesteringa på Jæren aukar frå 2021 til kr 521 300 kroner per bruk i snitt. Dette er andre året på rad med positiv nettoinvestering for bruka på Jæren. For resten av Rogaland og Agder var det også positiv nettoinvestering, men mykje lågare enn på Jæren, i snitt vart det der investert 33 600 kroner per bruk. Samla gjeld gjekk opp på Jæren til 7,5 mill. kroner, ein auke på 7 prosent. I resten av Rogaland og Agder gjekk gjelda ned med 1 prosent til 4,35 millionar.

**Driftsgranskingane i jord- og skogbruk** er ei årleg rekneskapsundersøking blant tilfeldig utvalde gardsbruk frå heile landet. I 2022 var det med 908 bruk, der 149 var frå Agder og Rogaland. Jordbruksinntekt er målt som løn til alt arbeid og rente på eigenkapital per årsverk.

### Kontaktpersonar ved NIBIO

**Håvard Rønningen Graarud**

Rådgjevar, divisjon Kart og statistikk

Telefon: 412 84 067

E-post: [havard.graarud@nibio.no](mailto:havard.graarud@nibio.no)**Torbjørn Haukås**

Seniorrådgjevar, divisjon Kart og statistikk

Telefon: 476 58 552

E-post: [torbjorn.haukas@nibio.no](mailto:torbjorn.haukas@nibio.no)